



Arkivnr: 2014/1095-2

Saksbehandlar: Brit Mari Heggøy

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		
Fylkestinget		

Fritak frå fylkeskommunale verv - suppleringsval

Samandrag

Torunn Olsnes, Sosialistisk Venstreparti har søkt fritak frå alle fylkeskommunale verv då ho skal flytta utanlands ca. 1. mars. Ho er varamedlem i fylkestinget, varamedlem i samferdselsutvalet og varamedlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Fylkesrådmannen rår til at det vert gitt fritak då det er vanskeleg å skjøtta vervet som varamedlem når ei bur utanlands og det kan verta innkalling på kort varsel. Frå den tid ho ikkje lenger er folkeregisterført som busett i fylket, vil ho heller vera valbar til fylkeskommunale verv.

Forslag til innstilling

1. Torunn Olsnes, Sosialistisk Venstreparti vert friteken frå verva som varamedlem i fylkestinget, varamedlem i samferdselsutvalet og varamedlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av valperioden 2011 – 2015.
2. For resten av valperioden 2011 – 2015 gjer fylkestinget slike val:
 - a. Varamedlem i samferdselsutvalet:
 - b. Varamedlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.02.2014

Torunn Olsnes, Sosialistisk Venstreparti, skriv i e-post 06.01.14:

«Eg skal flytta frå Bergen i februar, og ber difor om fritak frå mine verv i Hordaland fylkeskommune frå og med 15. februar 2014 og ut denne valperioden.

Søknaden gjeld alle fylkeskommunale verv og varaverv.»

Ho har i seinare e-post opplyst at ho skal flytta ut av fylket (til Aberdeen) og at tidspunktet for fritak er utsett til ca. 1. mars.

Olsnes har følgjande verv:

- Varamedlem i fylkestinget
- Varamedlem i samferdselsutvalet
- Varamedlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Rettsleg grunnlag

For å vera valbar til fylkestinget må ein stå innført i folkeregisteret som busett i ein av kommunane i fylket, jfr. vallova § 3-3. Same kravet er stilt for val til m.a. faste utval, jfr. kommunelova § 14 nr. 1. Når ein flyttar ut av fylket, taper ein valførleiken, jfr. kommunelova § 15 nr. 1 som lyder:

"Den som taper valgbarheten til et folkevalgt organ i valgperioden, trer endelig ut av dette. Hvis tap av valgbarhet skyldes registrert utflytting fra kommunen eller fylkeskommunen for to år eller mindre, trer vedkommende ut av vervet for den tid utflyttingen varer."

Då det i skrivande stund ikkje er klart kva som er dato for flytting ut av fylket, vert vurderinga gjort i forhold til fritak.

Kommunelova § 15 nr 2 omhandlar fritak etter søknad:

«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet.»

Om korleis regelen er å forstå er det i kommentarane til kommunelova (Overå/Bernt: Kommuneloven med kommentarer) teke inn m.a.:

"Fritak er betinget av at vedkommende "ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet". Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet "belastning" som alternativ til "vanskelighet", kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:

"Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet "uforholdsmessig vanskelighet" rekker og foreslår derfor formuleringen "...den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning ..." for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende."

Vurdering

Torunn Olsnes har søkt fritak på grunn av flytting til utlandet. Ho har varamedlemsverv til organ der det ofte vert behov for å kalla inn varamedlemer på kort varsel. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil det verha «uforholdsmessig» vanskeleg å kunna møta med kort frist når ein held til utanlands. Det vert difor rådd til å gi fritak. I tillegg kjem det momentet at frå det tidspunktet Olsnes ikkje lenger er folkeregisterført i Hordaland, vil ho ikkje kunna inneha dei fylkeskommunale verva.

Fylkestinget vert rådd til å gjera suppleringsval for resten av valperioden 2011 – 2015 i samsvar med kommunelova § 16 Opprykk og nyvalg:

- "1. Har medlemmer forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer såvidt mulig i den nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.*
- 2. Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.*
- 3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomité og fylkestingskomité trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppen som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.*
- 4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges ny leder.*
- 5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppens varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalget.*
- 6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum".*

Varamedlemsplassane i samferdselsutvalet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert å behandla etter nr 5.

Fylkesvalstyret føretekk nytt valoppgjer for å fylla den ledige varamedlemsplassen i fylkestinget når fylkesordføraren finn det nødvendig, jfr vallova § 14-2 nr 2.